



BACHELOROPPGÅVE

**Sosialt arbeid i NAV, og tiltak for ungdom utan
fullført vidaregåande skule.**

av

kandidatnummer: 99

Namn: Jon Eirik Lerum

Social worker whit dropouts in upper secondary school in Norway.

Sosialt arbeid

BSV5-300

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.

Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinndelevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 99, Jon Eirik Lerum.

JA X NEI

Innholdsfortegnelse

| | |
|--|-----------|
| 1.0 INNLEIING | 4 |
| 1.2 PROBLEMSTILLING | 4 |
| 1.3 PRESISERING AV PROBLEMSTILLING | 5 |
| 1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA | 5 |
| 2.0 SENTRALE OMGREP | 5 |
| 2.1 FRÅFALL..... | 5 |
| 2.2 SOSIALARBEIDAREN I NAV..... | 6 |
| 3.0 METODE..... | 6 |
| 3.1 LITTERATURSTUDIE SOM METODE | 6 |
| 3.2 GRUNNGJEVING AV VAL AV METODE..... | 6 |
| 3.3. SØKEHISTORIKK | 7 |
| 3.3.2 LITTERATUR OG FORSKING..... | 7 |
| 3.3.3 KJELDEKRITIKK | 8 |
| 4.0 FRÅFALL VIDAREGÅANDE SKULE I NOREG..... | 9 |
| 4.1 HISTORISK PERSPEKTIV..... | 9 |
| 4.2 FRÅFALLSPROBLEMATIKKEN I DET MODERNE NORGE | 10 |
| 5.0 SOSIALARBEIDAREN I NAV..... | 12 |
| 5.1 TILTAK..... | 12 |
| 5.2 RELEVANTE LOVVERK..... | 13 |
| 6.0 TEORETISK PERSPEKTIV | 13 |
| 7.0 DRØFTING | 15 |
| 7.1 ÅRSAKER | 15 |
| 7.1.1 ÅRSAKER TILBAKE TIL GRUNNSKULEN /KARAKTERAR..... | 16 |
| 7.1.2 FEIL VAL AV UTDANNING | 16 |
| 7.1.3 SOSIAL BAKGRUNN | 17 |
| 7.1.4 ARBEIDLIVET – KONJUNKTURAR OPP/NED | 18 |
| 7.2 KVA KAN SOSIALARBEIDAREN BIDRA MED..... | 18 |
| 8.0 OPPSUMMERING..... | 22 |
| KJELDER..... | 25 |

1.0 Innleiing

Fråfall frå den vidaregåande opplæringa er eit stort problem, det omfattar ein tredjedel av kvart elevkull. Ungdommen som har kome til det store valet å avslutta skulegangen, har økt risiko for dårlegare levekår og helse. Dei har også redusert sjanse for å koma seg i arbeid (Hernes, 2010, s. 7).

Fråfall er ikkje eit nytt problem, men har blitt meir synleg etter at retten for vidaregåande opplæring blei gjeldande for alle (Hernes, 2010, s. 7). Eg har valt å skriva om fråfall i den vidaregåande skulen. Mi interesse for problemstillinga vart vekka gjennom pensum og undervisning på skulen. Norge er i dag blitt eit kompetansesamfunn. Ungdom som ikkje har noko form for utdanning og eller fullført studieløp, kan få ein vanskeleg start på livet. Ungdommen sin manglande utdanning gjer at dei ikkje vil vera konkurransedyktige når dei skal søkje jobb. Prosentandelen for ikkje fullført studieløp i dag er urovekkande. Eit av spørsmåla eg vil ta for meg er årsakene til fråfall.

Grunnen til at eg vil sjå på årsakar er at ein sosialarbeidar, som skal hjelpe fråfallen ungdom, kan vera tent med å forstå årsakene. Historiane kan vera ulike for ungdommane, men ein sosialarbeidar kan vere tent med ei grunnleggande forståing om klienten sin situasjon. Dette samsvarer med Kirkegaards ord om kunsten å hjelpe: ”For å sannhet at kunne hjelpe en anden, maa jeg forstaa mer end han – men dog vel først og fremst forstaa det han forstaar” (Langeng og Stene, 2010, s. 274). Dersom ein kjenner til årskane til fråfallet, kan ein lettare setje seg inn i kva kjensler ungdommen har. Med å retta fokuset på ungdommar som fell ifrå den vidaregåande opplæringa, får eg og eit innsyn i eit dagsaktuelt tema. Dette er noko som skjer kvart år. Utan å ha fullført den vidaregåande opplæringa, kan ungdommen koma i ein marginalisert posisjon. Eg kan som kommande sosialarbeidar ved seinare høve møta fråfallselevar i fleire ulike instansar. Difor vil det i denne oppgåva bli drøfta kva eg som sosialarbeidar på NAV kan bidra med for å motverka moglege konsekvensar.

1.2 Problemstilling

For at eg skal få dekka dei områda rundt tema som eg ønskjer, blir problemstillinga mi følgjande.

Kvifor droppar ungdom ut av vidaregåande utdanning, og kva kan sosialarbeidaren i NAV bidra med for å motverka konsekvensar av fråfall?

1.3 Presisering av problemstilling

For å motverka konsekvensane av fråfall, virka det ved første augnekast som om NAV var den instansen som kunne gi ungdom utanfor jobb og utdanning god hjelp. I ein situasjon med ein ungdom som har teke steget og avslutta den vidaregåande opplæringa, vil det sjølvsagt vere fleire instansar som kan vera viktige. På bakgrunn av oppgåva si lengde og omfang, valde eg å legga fokus på kva sosialarbeidaren i NAV kan bidra med av ulike tiltak. For å kunne drøfte problemstillinga på ein best mogleg måte, valde eg å få innsikt i kva årsakar som kan ligga bak eit fråfall.

1.4 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er delt inn i åtte overordna deler. I starten gjer eg greie for val av tema og problemstilling. Del to vil gi innsikt i sentrale omgrep som har stor relevans for oppgåva. Del tre gjer greie for val av metode, og oversikt over litteratur og forsking som er teke i bruk. Del fire handlar om fråfallsproblematikken i Noreg, etterfølgt av sosialarbeidaren sine oppgåver i NAV. Del seks tek føre seg det teoretiske perspektivet eg har valt for oppgåva. Der vil den interaksjonistiske modellen i sosialt arbeid bli presentert. Del sju er drøfting av problemstilling i lys av aktuell teori, og til slutt ein oppsummering.

2.0 Sentrale omgrep

Omgrep er ofte fleirtydige og blir oppfatta ulikt av forskjellige menneske. Sentrale omgrep i eit studie krev konkretisering (Dalland, 2012, s. 132). I følgjande avsnitt vil sentrale omgrep og definisjonar bli presentert.

2.1 Fråfall

Den tekniske definisjonen av fråfall er følgjande: Ikkje oppnådd studie eller yrkeskompetanse innan fem år etter at man har starta på vidaregåande opplæring (Reegård & Rogstad, 2016, s. 11). Definisjonen er sett av utdanningsmyndighetene som ein målings- og styringsindikator. Denne set samstundes rammene for kva som er den maksimale tida på gjennomføring ved vidaregåande opplæringa (Reegård & Rogstad, 2016, s. 11).

2.2 Sosialarbeidaren i NAV

NAV har ansvar for å gi unge tett, individuell oppfølging med råd og rettleiing. Råda og rettleiinga skal knytast opp mot heile livssituasjonen til ungdommen, der eit eksempel kan vera ved dårlig økonomi. Hensikta med tenestene er at dei skal stimulera til hjelp til sjølvhjelp (Hammer & Hyggen, 2013, s. 201).

3.0 Metode

Metoden fortel oss noko om korleis vi bør gå fram for å få tak i eller etterprøva kunnskap (Dalland, 2012, s. 111). Sosiologen Vilhelm Aubert sitert i (Dalland, 2012, s. 111), seier at ein metode er ein framgangsmåte og eit middel for å komme fram til ny kunnskap. Bakgrunnen for å velja ein bestemt metode, er at den vil kunne gi gode data for å belysa spørsmålet (Dalland, 2012, s. 111). I denne oppgåva er det valt litteraturstudie som metode for å belysa problemstillinga.

3.1 Litteraturstudie som metode

Ei litteraturoppgåve bygger i hovudsak på skriftlige kjelder (Dalland, 2012, s. 223). Ved eit litteraturstudie ser ein det som er blitt undersøkt og skreve om temaet tidligare (Støren, 2013, s. 16). Eit litteraturstudie skapar då med andre ord ingen ny kunnskap, men kan gi ny erkjenning når ein samlar kunnskap frå fleire undersøkingar (Støren, 2013, s. 17). Det ein gjer ved eit litteraturstudie, er å setje det ein finn gjennom søkinga i eit system. Vidare samle det, og til slutt samanfatta kunnskapen (Støren, 2013, s. 17).

3.2 Grunngjeving av val av metode

Bakgrunnen for at eg valte litteraturstudie, var at eg hadde lite kunnskap om temaet frå før. Vidare ville eg soke etter å få tak i heilheit forståing rundt temaet. Oppgåva har også nokon rammer som vi må halda oss til. Dømet her kan då vera innafor tidsaspektet. Ei empirisk undersøking kunne vert mogleg og ikkje minst spennande, men sidan eg hadde lite kunnskap om temaet frå før av, ville eg då bruka tida til å lesa meg opp på fråfall ved den vidaregåande skulen. Det er forska mykje på denne tematikken frå før, og denne forskinga såg eg på som god for å kunne svare utfyllande på mi problemstilling.

3.3. Søkehistorikk

Då eg starta med å gjera meg kjend med tema, såg eg på tideligare pensum og databasar. Eg opplevde dette som eit godt utgangspunkt. Søkeordet blei då i starten kun ”drop-out”. Eg fekk då 117 911 treff, og forstod at eg måtte bruke inklusjon- og eksklusjon-kriterium på databasane for å redusera mengde treff. Døme på inklusjon-kriterium kan vera språk, alder, tidsrom og publikasjonstype (Støren, 2013, s. 38). Døme på eksklusjon-kriterium, kan vera å sortera vekk det som ikkje vil vera relevant i forhold til problemstillinga. Her opplevde eg at databasane i seg sjølv var til stor hjelp, sidan ein får opp kva ein kan sortere vekk for å minske treff. På databasen Oria var det også mogleg å sortera etter fagfellevurderte tekstar. Det vil seie tekstar som går igjennom ein streng kvalitetssikring, der teksten blir vurdert og godkjent av ekspertar på fagfeltet (Dalland, 2012, s. 78). Vidare var det nødvendig å starta med å lese noko av det ein fann, og merka seg nøkkelord som ofte gjekk att. Nøkkelorda eg då kom fram til var fråfall, vidaregåande, skule, utdanning og ungdom. Søkeorda som er nemnt har eg brukt gjennom heile søkerprosessen. Det ein kan oppleve er at ein må bruke fleire databasar når ein skal finna relevant forsking på tema (Støren, 2013, s. 18). Dette var noko som blei aktuelt for mi oppgåve også, då eg brukte databasen Norart ved fleire høver.

3.3.2 Litteratur og forsking

Eg har retta mykje av mi merksemrd mot Fafo rapporten ”*Gull av gråstein*” av Gudmund Hernes frå 2010, funne på databasen Oria. Eg vel å stola på denne sidan det er ein synteserapport om fråfall ved den vidaregåande skulen. Informasjonen er primært henta fra norske studiar og offentlege dokument. Utkastet har også blitt diskutert og kommentert av fagpersonar. Formålet med denne rapporten er ikkje å diskutera det alle kan vera samde om, men å stimulera debatten. Rapporten opplever eg som relevant i forhold til at den samnfattar mykje forsking, og slik gir eit godt bilde av fråfallsproblematikken. Gudmund Hernes var også initiativtakar av Reform 94. Rapporten blir også trekt fram ved fleire høve ved andre artiklar og bøker.

Ein anna artikkel som har vore viktig er ”*Veier til jobb for ungdom uten fullført videregående opplæring: Kan vikarbyråer og arbeidsmarkedstiltak lette overgangen fra utdanning til arbeidsliv?*” av Kristine Von Simson. Simson er samfunnsøkonom og jobbar som forskar på institutt for samfunnsforskning. Ho forskar på fråfallsproblematikken i den vidaregåande skulen, og alternative kompetanseløp for ungdom. Artikkelen frå 2012 er basert på

registerdata frå statistisk sentralbyrå. Den tek føre seg overgangar frå skule til jobb for ungdom som ikkje har fullført den vidaregåande utdanninga. Ut frå dette, såg eg på denne som relevant for å drøfta min problemstilling. Forskinsartikkelen tek føre seg dei ulike arbeidsretta tiltaka, og korleis dei visar seg å fungera i praksis. Artikkelen er funne på databasen Oria, og er fagfellevurdert, noko som gjer den valid.

"De frafalne- Om frafall i videregående opplæring" av Kaja Reegård og Jon Rogstad er ei bok som eg har hatt stor nytte av. Boka kom ut i 2016. Den presentera fersk forsking på problematikken fråfall ved den vidaregåande skulen. Boka har samla og presentera forsking, som har til felles å problematisera forståinga av fråfall. Dette gjorde at eg såg boka som relevant. Sidan eg ønskte og forstår heilskapen, var denne til stor hjelp. Den tek også føre seg kva ungdommen sjølv meiner. Dette er ifølgje Dalland viktig, då ein skriv ei profesjonsretta oppgåve, og det ein får av informasjon av klientar og pasientar kan vera av stor verdi (Dalland, 2012, s. 63). Boka er til for mange, og den blir trekt fram som aktuell for rettleiarar i NAV. På bakgrunn av dette såg eg at denne ville hjelpa meg i å svare på problemstillinga.

3.3.3 Kjeldekritikk

I ei litterær oppgåva er det dei skriftlege kjeldene, som i form av kjeldekritikk er det metodiske reiskapen (Dalland, 2012, s. 223). Eg har valt å skriva om eit tema som er mykje forska på, og difor er kjeldekritikken viktig å få fram. Eg brukte biblioteket sine databasar aktivt i søkeprosessen, der det var mogleg å sortera etter relevans for problemstilling og om dei var valide. Kjende forfattarar gjekk ofte igjen i min søkeprosess, der døma eg kan trekke fram er Hernes og Markussen. Dalland (2012, s. 75) seier at forfattaren sin bakgrunn og autoritet kan ha noko å seie for kjelda si gyldigheit. Dei kjeldene eg har teke i bruk vurdera eg som valide. Ifølgje Dalland (2012, s. 52) vil dette seie at dei er relevante og gyldige. Då eg skulle vurdera kva tidsrom eg ville fokusera på, ville ny forsking vera det som best kunne hjelpa meg i å svare på mi problemstilling. Eg ville difor ikkje ha forsking som var eldre enn ti år.

4.0 Fråfall vidaregåande skule i Noreg


4.1 Historisk perspektiv

Reform 94 blir ofte omtala som ein rettigheits reform, strukturreform og innhaldsreform (Markussen, 2009, s. 14). Når ein ser tilbake på 1970 åra, var det 40% av unge mellom 16 til 19 år som gjekk rett ut i arbeidslivet (Klyve, 2009 s. 41). I 1980-åra stagnerte sysselsettinga i industrien, og det blei stor pågang og problem ved den vidaregåande skulen i Norge på grunn av for liten kapasitet (Markussen, 2009, s. 44). Det vart auka tilstrøyming av eldre ungdom, som såg den vidaregåande utdanninga som interessant. Dette på bakgrunn av både strukturelle og konjunkturelle endringar i arbeidslivet. Som ein konsekvens av dette, vart det høg gjennomsnittsalder, og særleg ved yrkesfag fekk dei problem med å ta imot den auka tilstrømmingen. Dette resulterte i at det blei innført avgrensingar i inntaket, ved at det først og fremst var ungdom som fekk tilbod om plass, altså ein rettigheiteform. Arbeidslivet hadde blitt mindre opent for dei yngste, og med Reform 94 fekk ungdom 16-19 år lovfesta rett til tre års vidaregåande opplæring. Den vidaregåande opplæringa skulle først og fremst vera for dei som kom direkte frå grunnskulen. Grunngjevinga var at utdanninga skulle gje dei unge klare for arbeid og samfunnsliv (Markussen, 2009, s. 45). På bakgrunn av inntak av heile kull, såg ein føre seg at fråfallet skulle forverrast sidan gjennomsnittsalderen gjekk ned. Resultatet blei i staden at Reform 94 forbetra gjennomføringa, og har sidan vore stabil sidan 1994 (Hernes, 2010, s. 10). Grunnstrukturen innanfor yrkesfag blei endra. Der ein tidlegare hadde 100 grunnkurs, vart det no endra til 13. Slik kan ein sjå Reform 94 som ein strukturreform (Markussen, 2009, s. 15). Vidare blei det sett at ungdommen kunne fullföra enten ved tre års skule, eller to år i skule og to år i lære. Reform 94 som ein innhaldsreform, var med på å forme kva ein elev skulle kunne etter fullført utdanning. Dette kom på bakgrunn av at ein skulle sikra seg at kunnskapen som blei erverva, var i tråd med tidens krav (Markussen, 2009, s. 15). Dette kan ein sjå på som ein del av at Norge har gått frå eit industrialsamfunn til eit kunnskapssamfunn.

Med endringane i arbeidslivet blei det etterkvert krav om meir kompetanse, og for ufaglærte blei vegen til arbeidslivet tøffare. Der ein tidlegare kunne mælda seg hjå ein fabrikk eller reise til sjøs etter folkeskulen, vart det større krav til spesialisert og sertifisert kompetanse (Hernes, 2010, s. 19). Døme ein kan trekka fram er i 1974 der ein såg at talet på industriarbeidarar blei redusert med 100 000, og kunnskapen ein her skulle sitja med var av eit meir avansert nivå enn tideligare (Hernes, 2010, s. 19).

I dag er skulen blitt ein arena der mange oppheld seg den første tredjedelen av sitt liv for å gjera seg klar til arbeidslivet. I dag krev jobbane meir utdanning enn tidlegare tider. Skal ein få den jobben ein vil ha, krev det utdanning (Hernes, s. 19). Endringane har gjort at det er mindre bruk for ufaglærte, og det er kun 5% av jobbane i Norge som ikkje krev utdanning (Klyve, 2009 s.41). Dette er mest truleg ei utvikling som også vil forsetje i åra som kjem (Hernes, 2010, s. 20). Kvart år startar over 95% eit utdanningsløp ved ein vidaregåande skule (Hernes, 2010, s. 10). Det vil då seie at nesten alle i kvart årskull startar på vidaregåande opplæring.

4.2 Fråfallsproblematikken i det moderne Norge



Figur 1. Tabell basert på tal henta frå (Statistisk sentralbyrå, 2016) tabell 09253

Tala er frå 2009-2014. Ved studieforberedande utdanningsprogram er det totalt 17% fråfall. Ifølge SSB er fråfallsproblematikken størst ved yrkesfagleg utdanningsprogram. Det visar seg her at totalt ved alle studieløpa, er det 29% som ikkje har fullført etter fem år.

Fråfall ved den vidaregåande skulen er ikkje eit nytt problem, men konsekvensane av eit fråfall er blitt meir alvorlig (Hernes, 2010, s. 7). Hovudproblemet er difor ikkje at det har auka, men at konsekvensane av eit fråfall har blitt større. Skulegang er i dag blitt vegen til eit

produktivt vaksenliv. Vidare konsekvensar kan vera at ungdommen ikkje får fotfeste i arbeidslivet. Ein kan difor konkludera med at ungdom som ikkje tek utdanning, set seg sjølv utanfor arbeidslivet og risikerer å få ein marginalisert posisjon i samfunnet (Hernes, 2010, s. 20). Ein kan vidare bli stigmatisert, og få ei dårligare helse (Hernes, 2010, s. 20). Det blir også ved fråfall ei økt risiko for å bli avhengig av stønader (Hernes, 2010 s. 7). For samfunnet ser ein også at det kan skapa noko problematikk i forhold til økonomi. Dei samfunnmessige kostnadane for kvart kull er estimert til å vera om lag 5 milliardar kroner (Hernes, 2010 s. 7). Kostnaden per individ som ikkje fullfører den vidaregåande opplæringa er då omlag 12 600 kroner (Falch, Johannessen & Støm, 2009 s. 6).

Som tidlegare nemnt er Norge blitt eit kunnskapssamfunn, og i dag er det berre 5% av jobbane som ikkje krev utdanning (Klyve, 2009, s. 41). Denne utviklinga vil forsetje. I 2025 vil det berre vere 3,5% av jobbane som ikkje krev nokon form for utdanning (Hernes, 2010, s. 20). Enda fleire vil bli arbeidslause dersom fråfallet frå dei vidaregåande skulane forset slik som i dag. Fråfall ved vidaregåande skule er eit stort problem, sidan det omfattar ein tredel av kvart årskull (Hernes, 2010 s. 7). Tala har vert stabile over fleire år, og desse har vist seg å ikkje ha noko nedgang. Når ein ser på fordelinga av kjønn på kven som sluttar på den vidaregåande opplæringa, er det fleire gutter enn jenter som droppar ut av den (Hernes, 2010, s. 11). Det visar seg også at det er størst fråfall ved yrkesfaglege studieretningar (Hernes, 2010, s. 11).

Det kan vera fleire årsakssamanhangar til fråfall. Det som visar seg å ha ein direkte årsak til om ungdom ikkje fullfører den vidaregåande opplæringa, er kunnskapen og ferdighetsnivået ved starten av den vidaregåande utdanninga (Reegård & Rogstad, 2016, s. 34). Ein anna faktor som ofte blir nemnt, er sosial bakgrunn. Her kan ein sjå på kva tyding foreldra sitt utdanningsnivå har å seie for ungdommen sin fullføring av den vidaregåande skulen (Reegård & Rogstad, 2016, s. 33). Ønske om å jobba kan også vera ein mogleg årsak til at ein elev droppar ut av den vidaregåande skulen (Reegård & Rogstad, 2016, s. 63). Det er også viktig å få fram at for mange ungdommar vil fråfall ved den vidaregåande skulen vera eit sluttresultat av ein lang prosess, som starta ved grunnskulen eller tidlegare (Hernes, 2010, s. 38). Noko anna som kjem fram, er at for ungdommen treng ikkje sjølve fråfallet vera det vanskeligaste, men tida før der eleven opplever skulen som uuthaldeleg og meiningslaus (Reegård & Rogstad, 2016, s. 94). Årsaker til fråfall skal eg sjå nærmare på i drøftinga. I neste kapittel vil eg sjå nærmare på sosialarbeidaren i NAV.

5.0 Sosialarbeidaren i NAV

Eit overordna mål for NAV er å få fleire i aktivitet og færre på stønad (Hammer & Hyggen, 2013, s.198). Hensiktene med NAV sine tenester er å gi hjelp til sjølvhjelp, og bidra til at dei unge skal bli i stand til å meistra sin eigen livssituasjon. NAV skal også gjennom sitt virke fanga opp ungdom som treng bistand utover økonomisk hjelp (Hammer & Hyggen, 2013, s. 201).

For dei unge som ikkje har fullført den vidaregåande skulen, er det ei målsetjing at dei skal koma seg tilbake på skulebenken (Hammer & Hyggen, 2013, s. 198). NAV har også ein koordinerande rolle med andre sektorar slik at ungdommen får den hjelpa det er mogleg å gi (Hammer & Hyggen, 2013, s. 199). Arbeidet i NAV er organisert slik at den oppfølginga og rettleiinga du får, er avhengig av korleis ein kjem i kontakt med NAV (Hammer & Hyggen, 2013, s. 198). Dei fleste ungdommar som kjem i kontakt med NAV har eit kort opphold med klare meininger om kva trond dei har. Over tid har og helserelaterte ytingar auka i Norge, og mykje av grunnen er ein vekst av unge mottakarar med psykiske lidingar. Unge som treng ekstra bistand frå NAV, er ofte dei med eit fråfall frå den vidaregåande opplæringa, i tillegg til manglande arbeidserfaring. Mange av desse har psykiske lidingar og kan samtidig slita med rusmiddelmisbruk (Hammer & Hyggen, 2013, s. 197). NAV og kommunane samarbeider for å finna løysningar som er førebyggjande, og slik legge til rette for samarbeid mellom ulike instansar og finne tiltak som passar fråfallselever (Hammer & Hyggen, 2013, s. 198). Ein kan trekka fram ungdomsgarantien som skal ta hand om dei som er under 20 år, og tiltaksgarantien for dei som er unge langtidsledige under 25 år. NAV er ikkje åleine om ansvaret for ungdom som står utanfor skulen og arbeidslivet. Oppfølgingstenesta saman med skulen skal sikra at dei unge ikkje droppar ut av skulen (Hammer & Hyggen, 2013, s. 198).

5.1 Tiltak

Dei unge arbeidssøkarane har vore prioritert innan arbeidsmarknadstiltak sidan slutten av 1970- åra, då ein innførte ungdomsgarantien. Denne gir dei unge prioritet i tiltakskøen, slik at dei utan skuleplass og arbeid skal få tilbod om arbeidsmarkedstiltak (Hammer & Hyggen, 2013, s. 202). Tiltaka som ungdommen blir tilbode kan ha andre positive verknader utover det å hjelpe ungdom til å finna seg ein jobb. Deltakinga kan vera med på å forhindra og førebyggja kriminalitet, forhindra marginalisering og utstøyting av ungdommen (Simson, 2012, s. 90). Dei mest vanlege arbeidsretta tiltaka som ein tilbyr unge arbeidssøkarar er

opplæring/kvalifiseringstiltak, arbeidspraksis, lønnstilskot, og oppfølging (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203).

5.2 Relevante lovverk

Aktuelt lovverk for ungdommen som søker hjelp hjå NAV er relevant å trekkja fram. Gjennom ein behovsvurdering frå ein rettleiar hjå NAV, skal ein finne ut av kva hindringar som ligg i vegen for brukaren (Hammer & Hyggen, 2013, s. 198). Dette kjem fram i Lov om arbeids- og velferdsforvaltning (2006) §14a.

6.0 Teoretisk perspektiv

Alle modellar i sosialt arbeid baserer seg på grunnleggande meininger om menneske og deira sosiale omgjevnadar. Vidare blir meiningsane utgangspunkt for teoribygging, og det er nødvendig for å gjera dei eksplisitte (Shulman, 2013, s. 33). Sosialt arbeid er eit handlingsretta fag, og det vil ikkje vera nok og berre forstå ein oppstått situasjon (Hutchinson & Oltedal, 2003, s. 65). I interaksjonsmodellen er det viktig å få tak i individet si tolking av situasjonen. Noko som er sentralt å ta fram frå den interaksjonistiske tenkemåten er det vi kallar Thomas-teoremet. *"Når menneske definerer ein situasjon som verkeleg, så er det verkeleg i sine konsekvensar"* (Hutchinson & Oltedal, 2003, s. 66).

Det er særleg tre sentrale idear som gjer seg gjeldande når ein skal forstå interaksjonsmodellen. Den første av dei tre sentrale ideane er forstillinga om symbiotisk relasjon mellom menneske og deira sosiale omgjevnader (Shulman, 2013, s. 33). Ordet symbiose er ofte brukt i samanhengar der ein skal skildra eit system sitt gjensidige behov for kvarandre. Ideen uttrykkjer også at den gjensidige avhengigheita ligg til grunn for ei overtyding, om at den enkeltes velferd, er eit sosialt ansvar. Her kjem det også fram ei erkjenning om at den enkelte vil få behova sine dekt på ein god måte, gjennom positive relasjoner til andre rundt seg (Shulman, 2013, s. 34). Når ein har fastslått at klienten er i interaksjon med dei ulike systema som har innverknad på dei, må ein gå inn å undersøka nærmare på korleis dei ulike forholda er (Shulman, 2013, s. 33). Der systemet og klienten handlar i strid mot kvarandre, kan ein som sosialarbeidar bidra med at systemet og klient vinn tilbake opplevinga av gjensidigkeit (Shulman, 2013, s. 34). Uansett er det viktig å hugse på at å vere i interaksjon med andre, kan innebere konflikt. Ein har ikkje alltid felles interesser med andre i det systemet ein opererer i (Shulman, 2013, s. 36). Shulman kallar denne måten å jobbe på for *"toklient-ideen"*

(Shulman, 2013, s. 34). Dette er ei oppfatning om at ein som sosialarbeidar til ei kvar tid har to klientar (Shulman, 2013, s. 70). I denne oppgåva vil det bli særleg aktuelt å sjå ungdommen opp mot familien, og skulen opp mot ungdommen som system å forholda seg til. Det denne modellen bidreg med til sosialarbeidaren, er at ein kan få ei oppleving av eit felles grunnlag, som klienten og systemet det er ein del av, kan bygga på (Shulman, 2013, s. 36).

Den andre av dei sentrale ideane er meiningsa om det gjensidige forholdet mellom ungdom og systemet, enten at det systematisk blir blokkert av ungdommen sjølv eller at systemet gjer det (Shulman, 2013, s. 33). Eit av tre problem ein kan trekka fram her, er at dei menneskelege sistema ein er ein del av, er blitt meir komplekse (Shulman, 2013, s. 38). Døma ein kan trekka fram er at skulesystemet er blitt meir komplekst, og det har ikkje vore å unngå at det kan ha oppstått blokkeringar i det grunnleggande forholdet mellom menneske og dei viktige sistema (Shulman, 2013, s. 40). Eit anna eksempel på blokkering kan vera i den samanheng at enkeltmenneskje og dei viktige sistema rundt, ikkje blir einige om ei felles interesse. Ein kan som menneskje risikera å måtte leggja til side sine behov, for å integrerast i den sosiale orden. Det kan visa seg at dei store institusjonane som til dømes skulen, kan ha vanskar med å handtera elevar som ikkje innordnar seg skuleskikken. Noko som også kan skapa blokkering, er kommunikasjonsproblem mellom menneska (Shulman, 2013, s. 40). Dette kan i neste ledd gjera det vanskelig å oppnå ei gjensidig forståing mellom partane (Shulman, 2013, s. 40).

Den tredje sentrale ideen er at sosialarbeidaren alltid må ha tru på at ungdommen og systemet har kraft til å forandre seg, og vidare å jobba for å finna den (Shulman, 2013, s. 42). Ein vil som sosialarbeidar at systemet eller den enkelte klient for sitt eige beste vil gjera noko med situasjonen, og at prosessen fram vil føra til økt styrke og forandring. Ut av dette vil interaksjonsperspektivet krevje ein viss eigeninnsats frå klienten. Krava ein skal forsøkja å få klienten til å jobba etter, er at han skal legge energi og kjensler i arbeidet. Krava skal i saman med støtte utgjera eit empatisk krav om eigeninnsats. På bakgrunn av dette må også klienten sei seg einig i korleis arbeidet skal utførast, og vidare vera einig i måla som er sett for prosessen. Ein skal leite etter klienten sine styrker, og ein skal som sosialarbeidar nekta å tru på klienten sine eigne beskrivingar om sine svakheiter. Svakheitene klienten kan trekka fram, kan koma av kva han har fått av signaler frå dei viktige sistema rundt seg. Dette kan i neste omgang forsterka kjensla av å vera makteslaus. Sosialarbeidaren skal ha tru på at uansett kor fastlåst ein situasjon ser ut, er det alltid eit neste skritt å ta (Shulman, 2013, s. 43).

Sosialarbeidaren skal utspela sin rolle etter beste evne, og forsøka å belysa klienten sine styrker, fordi det er slik ein kan hjelpa (Shulman, 2013, s. 44).

I interaksjonteorien til Shulman, deler ein arbeidet med klienten i ulike fasar (Hutchinson & Oltedal, 2003, s.82). Den første fasen er innleiingsfasen (Shulman, 2013, s. 54). Her skal sosialarbeidaren om mogleg, forbereda seg til det første møtet med ungdommen (Shulman, 2013, s. 54). I det første møtet skal ein utvikla ein arbeidsrelasjon, samt utarbeide ein arbeidsavtale som inneheld delmål og mål saman med ungdommen (Shulman, 2013, s. 55). Den andre fasen er arbeidsfasen. Der skal ein jobbe med dei måla ein har sett seg. Her må ein vera observant på om det er noko nytt ungdommen har på hjartet, som vil vera gunstig å få løyst (Shulman, 2013, s. 196). Den siste fasen er avslutningsfasen. Der skal ein forbereda ungdommen på avslutning av relasjonen, og eventuelt på overgangar til noko nytt. For at det skal bli ein arbeidsrelasjon, og vidare komme til dei ulike fasane, må nokre avgjerder takast av ungdommen sjølv. Det første som må liggja i grunn, er at ungdommen vil fortelja om problema sine. Den andre avgjerda er at ungdommen må ville ta opp det særskilte vanskelege, og dela dette med sosialarbeidaren i arbeidsfasen. Den siste avgjerda er aktuell når ein skal avslutta relasjonen, og ungdommen skal bli klar for å avslutta samarbeidet (Shulman, 2013, s. 55). Her vil det vera aktuelt å ha ein oppsummering på kva erfaringar ein har gjort i saman, og kva ungdommen har opparbeida seg av nye ferdigheter (Shulman, 2013, s. 296). Det vil vidare vera viktig å formidla ei tru på at ungdommen vil kunne meistra framtidige utfordringar, utan å bagatellisera faktum at livet kan vera vanskeleg til tider (Shulman, 2013, s. 299).

7.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil problemstilling bli drøfta. Først vil det bli sett på aktuelle årsakar til eit fråfall som for eksempel feilval av utdanning og sosial bakgrunn. Etter dette vil det bli drøfta kva ein sosialarbeidar i NAV kan gjera for å motverka konsekvensar av eit fråfall. Drøftinga vil skje i lys av relevant teori, som er presentert tidelegare i oppgåva.

7.1 Årsaker

Å drøfta årsakene til eit fråfall, kan vera ei utfordring. Det kan vera ulike risikoområder som kvar for seg, eller i saman med andre, kan vera årsak til eit fråfall. Eg vil her drøfta kva eg har funne som moglege årsaker til fråfall. Eg har valt meg ut nokre grunnar som blir trekt fram

ofte. Dette er karakterar ved grunnskulen, sosial bakgrunn, feilval av studieløp og arbeidsmarknaden si betyding for fråfall.

7.1.1 Årsaker tilbake til grunnskulen/karakterar

Karakterar og arbeidsvanar ein har opparbeida seg i løpet av grunnskulen kan gi føringar på kva resultat ein kan oppnå ved den vidaregåande skulen (Hernes, 2010, s. 12). Som nemnt tidlegare i oppgåva, kan dette vere ein indikasjon på om ungdommen vil fullføra skulegangen. Det å slutta på vidaregåande opplæring kan vera eit sluttresultat av ein lengre prosess (Markussen i Reegård & Rogstad, 2016, s. 37). Dette kan starte i ein tidleg alder der svake skuleprestasjoner blir reproduksjon, og blir forsterka gjennom heile skuletida til eleven til slutt tek valet med å slutta på skulen (Reegård & Rogstad, 2016, s. 37). For ungdommen kan kjensla av å ikkje meistre skulen vera noko ein dreg med seg vidare i livet. På bakgrunn av desse erfaringane, kan ungdommen sin erfaring med skulen vera med på å skapa ei kjensle av at ein ikkje fiksar skulen, og at ein ikkje passar inn (Reegård & Rogstad, 2016, s. 107). Eit svakt karaktergrunnlag kan vera ein del av bildet, som bidreg til at ungdommen ikkje har tru på seg sjølv. Ein kan her undrast over om det er slik at elevane som ikkje meistrer skulen, er for svake for skulen, eller om det er skulen som har vore for svak for ungdommen (Hernes, 2010, s. 33). Dersom ein ser på fullføringsrate, visar det seg at ni av ti elevar som starta på vidaregåande utdanning med dei høgaste karakterane i 2006, fullførte utdanninga innanfor nominert tid (Reinertsen, 2014, s. 269). Som tidlegare nemnt vil dette seie i løpet av fem år. Blant elevane som hadde gjennomsnittskarakterar under fire, oppnådde kun halvparten eller færre den formelle kompetansen (Reinertsen, 2014, s. 269). Som ein konsekvens av svake karakterar, kan ein trekka fram at ungdommen vil kunne risikera å ikkje komma inn på det utdanningsprogrammet ein ynskjer på bakgrunn av for låg snittkarakter. Dette skal eg no sjå nærmare på i neste avsnitt.

7.1.2 Feil val av utdanning

Rettleiarar på NAV kan fortelja at det ofte handlar om at ungdommen kan ha teke feil studieval, og ikkje kom inn på det dei ville eller andre problem som gjer det vanskeleg for dei å fullføra den vidaregåande opplæringa (Hammer & Hyggen, 2013, s. 211). Det blir forventa av ungdommen at ein orienterer seg mot framtida, og ein skal ta eit bevisst val av utdanningsretning etter ungdomsskulen (Birkemo, 2007, s. 183). Dette kan by på vanskar

sidan barn og unge utviklar seg i ulikt tempo, og dette gjeld også prosessen om å ta det viktige valet på kva ein skal bli når ein blir voksen (Birkemo, 2007, s. 184). Med andre ord kan enkelte elevar gå med klare tankar om kva dei vil bli, medan nokon kan det gå seinare med. Ein kan seie at ungdommen blir tvungen til å ta eit val for tidleg. Dermed kan ein risikera at ungdommen tek eit feilval, som kan resultera i fråfall ved den vidaregåande skulen (Birkemo, 2007, s. 191). Ungdommen kan oppleva fridommen til å velja studieretning sjølv som vanskeleg, då dei ikkje ser seg i stand til å ta valet. Dei kan oppleva at deira moglegheit for å koma inn på den linja dei hadde som første val ikkje er realistisk på bakgrunn av karaktergrunnlagen. Ein kan då stilla spørsmålet om systemet som gir ungdommen den fridommen til å velja sjølv, opprettheld skilnadane mellom dei skuleflinke og skuletaparane (Reegård & Rogstad, 2016, s. 108). Thrana (i Reegård & Rogstad, 2016, s. 98) seier at ungdommen opplever dette som eit viktig val, og dersom dei tek feil studieretning, vil dette føre til store konsekvensar for dei. Som tidlegare nemnt i oppgåva blei Thomas-teoremet trekt fram som sentral for den interaksjonistiske tenkemåten, og slik kan ein forstå ein ungdom som blir skremd av tankane av fråfall. Når ein ungdom tolkar situasjonen som alvorlig, blir den også alvorlig i sine konsekvensar. Dette kan føre til at ungdommen må ta eit omval til ein ny studieretning, og det kan vera ein viss risiko for at ein kjem like därleg ut som ved det første valet (Reegård & Rogstad, 2016, s. 99).

7.1.3 Sosial bakgrunn

Betydinga av sosial bakgrunn som ein faktor for korleis ungdommen vil meistra den vidaregåande skulen, har tidlegare i oppgåva blitt trekt fram som ein faktor som kan indikere årsaksbildet til fråfall. Mange studiar som er blitt gjort, viser at foreldra sitt utdanningsnivå har noko å seie for om ungdommen vil fullföra den vidaregåande skulen (Reegård & Rogstad, 2016, s. 33). Dei endra familiestrukturane med at begge foreldra er yrkesaktive, kan gi ungdommen ein fordel. Yrkesaktive foreldre kan gi ungdommen informasjon om ulike yrke og tilgang til aktuelle nettverk (Reegård & Rogstad, 2016, s. 34). Dette kan også hjelpe ungdommen i valet av utdanningsretning. Ein mogleg ulempe av at foreldra er yrkesaktive, er at ungdommen treng eit puff for å komma seg opp om morgonen. Når foreldra er på jobb og ungdommen er åleine heime, kan det vera vanskeleg stå opp og eller komme seg på skulen (Hernes, 2012, s. 25). Eit spørsmål som då kan stillast er om dette kan føre til større fråvær, og som eit sluttresultat ende i fråfall. Ser ein dette i samanheng med manglande oppleveling av mestring på skulen, kan fråvær vera ein lettare utveg. Dette kan styrka påstanden tideligare i

oppgåva. Der kom det fram at det ikkje nødvendigvis er sjølve fråfallet som er det vanskelegaste, men tida før der ungdommen opplevde skulen som uuthaldeleg og meiningslaus. Fråfallet kan då vera ein strategi som gir ungdommen ei god kjensle, og ei tru på at ein er på veg til å finna noko anna enn å gå på den vidaregåande skulen (Reegård & Rogstad, 2016, s. 94).

7.1.4 Arbeidslivet – Konjunktur opp/ned

For ungdom som opplever å ikkje meistre skulen, kan det å gå ut i arbeidslivet vera noko som virka freistande. Dei jobbane som ein ungdom kan få utan utdanning, kan vera konjunktursensitive (Reegård & Rogstad, 2016, s. 63). Som skrive ovanfor, kan ein konsekvens vere at ungdommen ikkje får fotfeste i arbeidslivet. Ved nedgangstider kan ungdommen utan fullført vidaregåande utdanning ha eit därlegare utgangspunkt i forhold til utviklinga. Som ein konsekvens av dette, også vera den første som mistar jobben ved nedskjeringsar. I dag er det, som tideligare nemnt, kun 5% av alle jobbane i Norge som ikkje krev noko form for utdanning. Denne utviklinga ser ut til å forsetja, og ved 2025 vil det vera 3,5% av jobbane som ikkje krev utdanning (Hernes, 2010, s. 20). Er det då ein lur løysning av ungdommen å sjå vekk frå utdanning, og koma seg ut i arbeidslivet utan formell kompetanse? Det viser seg at ein pause frå utdanning ikkje treng å vera negativt. ProsesSEN kan faktisk føra til auka styrke og motivasjon. Det er liten tvil om at det blir stilt strengare krav i dag til å visa til utdanning enn tidlegare. Mange av dei vegane som tidlegare var aktuelle inn i arbeidslivet for ufaglærte, er det no mindre av. Samtidig kan det vera at ungdommen som tok valet med å slutta på skulen, kan oppleva å meistre arbeidssituasjonen. Dette kan gi dei motivasjon til å søkja seg tilbake til skulebenken. Dette visar seg å vera verdifult med den vidaregåande utdanninga i Norge. Ein kan stoppa opp, tenkja seg om, for så å koma attende (Markussen & Sandberg, 2005, s. 92). Då veit kanskje ungdommen kva utdanning dei vil ha, og motivasjonen til å fullföra blir høgare. På dette grunnlaget kan ein tolke utdanning som ei investering for framtida. Ungdom som ser arbeidslivet som meir freistande enn skulen, kan få det vanskelig ved seinare høve. Eg vil i neste avsnitt sjå nærmare på kva sosialarbeidaren på NAV kan bidra med for å motverka konsekvensane av eit fråfall.

7.2 Kva kan sosialarbeidaren bidra med

Sosialarbeidaren i NAV kan gjennom ulike tiltak motverka negative konsekvensane av fråfall. For å bidra til at dei unge skal bli i stand til å meistre sin eigen livssituasjon, vil eit viktig

hovudmål vera anten å hjelpe til å finne arbeid, eller motivera dei til å forsetja utdanningsløpet (Hammer & Hyggen, 2013). Først vil eg drøfte kva effekt dei ulike tiltaka har, deretter om dei visar seg å virka etter sitt formål.

Opplæring- eller kvalifiseringstiltak er tiltak som skal bidra til at den unge som søker arbeid blir kvalifisert til ledige jobbar. Dette skjer gjennom korte yrkesretta kurs (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203). Ein skal gjennom dette ta sikte på å auka kompetansen til ungdommen, enten gjennom klasserom eller meir arbeidssøkjær kurs (Simson, 2012, s. 80). For at ein ungdom skal delta på dette må han/ho vera fylt 19 år, og den maksimale lengda på tiltaket er ti månader (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203).

Kvalifiseringstiltak visar seg å ha ein positiv effekt på arbeidsmøglegheitene for klienten (Simson, 2012, s. 88). Tiltaket har ein positiv effekt på sannsynet for å komma seg i ordinært arbeid, både under og etter tiltaket, på rundt 40% (Simson, 2012, s. 86). Dette kan virka overraskande for mange, sidan det er kome fram tidlegare at ein god strategi er å skaffa seg arbeidserfaring så fort som mogleg etter avslutta skulegang (Simson, 2012, s. 77).

Kvalifiseringstiltak rettast som oftast mot dei nye på arbeidsmarknaden, og ein fokuserer ofte på nettverksbygging og jobbsøking. Dette kan vera ei gunstig løysing, då ungdom som ikkje har fullført den vidaregåande opplæringa, kan ha lite formell kunnskap, og difor kan fråfallselever ha nytte av kompetansehevande tiltak (Simson, 2012, s. 88). Dette kan vera gunstig for ungdom med ulik sosial bakgrunn. Det kan tenkast at med den interaksjonistiske tankegangen, kan sosialarbeidar hjelpe til i prosessen, slik at ungdommen skal finne sine sterke sider, og få motivasjon til å gjere noko med situasjonen.

Medan kvalifiseringstiltaket er i gang, kan ungdommen søka på ekte jobbar og sjølv finna potensielle arbeidsgivarar. Dette kan vera ei mogleg forklaring på kvifor kvalifiseringstiltak viser positiv effekt under heile prosessen (Simson, 2012, s. 88). Ei potensiell ulempe kan vere ønsket om vanleg og betre lønna arbeid. Spesielt peikar mange ungdommar på kontrasten mellom rolla som arbeidstakar og å vere ein del av eit tiltak (Reegård & Rogstad, 2016, s. 104). Det kan då vere viktig å informera om at kvalifiseringstiltaket er eit tiltak som skal gjere ungdommen betre rusta til ein høveleg jobb i framtida.

Eit anna tiltak er arbeidspraksis i ordinær verksemd. Føremålet er at gjennom arbeidspraksis skal ungdommen få verdifull arbeidserfaring som i neste ledd skal auka sannsynet for å koma seg i fast arbeid (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203). Gjennom tilrettelagt arbeidstrening og oppfølging, har ein moglegheit til å prøva dei ulike jobbane som kan vera aktuelle (Simson, 2012, s. 80). Arbeidspraksis er også det tiltaket som oftast blir tilbode ungdommar (Simson, 2012, s. 80). Tiltaket varer i maksimalt eitt år (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203).

I følgje Simson (2012) viste arbeidspraksis å ha minst effekt av tiltaka det vart forska på. Medan tiltaket gjekk føre seg vart sannsynet for å koma seg i ordinært arbeid redusert med 30%, og det var heller ingen dokumentert effekt etter avslutta tiltak (Simson, 2012, s. 88). Hardoy (referert i Simson, 2012, s. 88) konkluderer i sin studie av norske ungdomstiltak med at arbeidspraksis ikkje oppnår sin hensikt for ungdom under 20 år. Ei mogleg årsak som blir trekt fram er for dårlig oppfølging. Samstundes kan ungdommen føla seg utnytta som ein følgje av å vera ein del av eit slikt tiltak. Dette har også Djuve (referert i Simson, 2012, s. 88) kommentert med at arbeidsgivarane kan sjå på ungdommen som er ein del av eit arbeidsretta tiltak som gratis arbeidskraft. Eit betre tiltak kan då vera oppfølging.

Oppfølging er eit tiltak som er for ungdom som treng meir omfattande formidlings- og oppfølgingshjelp enn det standarttilboda kan tilby i NAV. Her er hensikta å forsterke motivasjon og kompetanse gjennom oppfølging, slik at ungdommen og sakshandsamaren skal finne gode jobbsøkingsstrategiar. Denne type tiltak kan maksimalt vare opp til seks månadar (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203).

For å få eit arbeidsretta tiltak til å fungera, kan sosialarbeidaren med ei forståing av interaksjonmodellen, legge til rette for at ungdommen og arbeidsplassen opparbeider harmoni og eit felles mål. For å nå det overordna målet, vil positive relasjonar vera avgjerande. Når ein slik harmoni er opparbeidd, vil det skapa eit godt utgangspunkt for den vidare samhandlinga mellom ungdommen og arbeidsgivar (Shulman, 2013, s. 36). Ein kan som sosialarbeidar ved NAV med to-klient ideen sikra at både ungdommen og arbeidsgivaren kan få sine behov dekt på ein god måte. Gjennom denne tankegangen kan ein sikra at ein får ungdommen sine ønskjer for tiltaket fram, kva arbeidsgivar kan tilby, og eventuelle krav til ungdommen. Ein kan då vere i gang med å danna eit felles grunnlag, som ein kan byggje vidare på.

Ungdommen som har slutta på den vidaregåande utdanninga kan vere avhengig av å oppleva meistring. Dette kan vere vegen ut til arbeidslivet, eller på sikt at det vil vere ein aktuell veg

tilbake til vidare utdanning. Ein må då sjå etter om det kan vera moglege blokkingar som kan vera øydeleggande for prosessen. Dette kan vera arbeidsplassen som kan ha motstridande hensikter imot NAV sine mål for ungdommen, eller at det er sjølve ungdommen som kan skapa dette.

Ein av dei største utfordringane for ungdommen når dei skal ut i arbeidslivet er deira mangel på arbeidserfaring og lite nettverk (Simson, 2012, s. 77). Dei fleste unge er i dag utan varig kontakt med arbeidslivet før dei fyller 18 år, og for mange heilt til dei kjem godt opp i 20-åra (Hernes, 2010, s. 24). I Noreg i dag har vi eit sterkt stillingsvern, der det for ein arbeidsgivar vil vere kostbart å tilsetta feil person, og ungdom med lite arbeidserfaring kan komma langt bak når ein arbeidsgivar skal tilsetta ein ny person (Simson, 2012, s. 77). Ungdommar utan vidaregåande utdanning kan difor bli den siste i rekka som blir vurdert til stillinga, sidan den eventuelle utdanninga kunne signalisert kompetanse, som kunne bidrege positivt i ein slik situasjon (Simson, 2012, s. 77). Ungdommar som fell ifrå den vidaregåande utdanninga, kan mangla arbeidserfaring i tillegg til manglande formell kompetanse. Ein kan då som tilsett hjå NAV tilby tiltaket lønnstilskot som ein mogleg løysning.

Lønnstilskot er eit tiltak der ein skal motivera arbeidsgivrarar til å tilsetta ungdom, som under andre forhold ville hatt utfordringar med å få seg ein jobb (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203). Arbeidsgivaren mottek tilskot på delar av løna (Simson, 2012, s. 80). Ungdommen skal her utføra ordinære arbeidsoppgåver, og er tilsett på ordinære lønns- og arbeidsvilkår. Det som er målet med eit slikt tiltak er at ungdommen skal etablera eit langvarig arbeidsforhold (Hammer & Hyggen, 2013, s. 203). Lengda på tiltaket er inntil eit år (Simson, 2012, s. 80).

Føremålet med lønnstilskot er at det skal motivera arbeidsgivaren til å tilsette ungdommen på varig grunnlag etter at tilskotet frå NAV tek slutt. Ifølgje tidlegare forsking viser dette å fungera på ein føremålstenleg måte. Medan tiltaket med lønnstilskot gjekk føre seg, auka sjansane til ordinært arbeid med heile 65% (Simson, 2012, s. 88). Martin (referert i Simson, 2012, s. 88) har ei kritisk røyst rundt dette, og meiner at den positive effekten under lønnstilskot kan forklarast med at arbeidsgivrarar gir ein sjanse til dei som uansett ville fått tilbod om jobb. Det at ein ikkje finn noko effekt etter at lønnstilskot perioden er over, kan støtta denne påstanden (Simson, 2012, s. 88). Ein annan årsak kan vera at arbeidsforholdet ikkje gagnar arbeidsgivar etter at tilskotet stoppar.

Nytteverdien av dei ulike tiltaka vil vera avhengig av kor godt ein har kartlagt ungdommen sine behov, og at det er gjeve tilfredsstillande god informasjon om tiltaket til ungdommen (Hammer & Hyggen, 2013, s. 213). Det vil også vera viktig å senda ungdommen på eit passande tiltak som skal avhjelpe situasjonen på best mogleg måte (Hammer & Hyggen, 2013, s. 213). Ein kan gjennom denne prosessen nytta den interaksjonistiske teorien til Shulman. Ungdommen sine styrker skal koma fram, og ein skal som sosialarbeidar leggja til rette for at dei kan koma ut av situasjonen med ei positiv endring og auka styrke. Dersom ungdommen ikkje er motivert for forandring, kan utfallet vera at ein ikkje oppnår dei sette måla. Sjølv kor mykje ein som sosialarbeidar på NAV vil hjelpe, kan ein risikera å ikkje koma lenger utan ungdommen sin motivasjon. Dette kan koma av at dei ikkje har blitt teke med tilstrekkelig i planlegginga, og føler difor ikkje noko eigarskap til prosessen. Å få dei unge til sjølv å ønskje og gjere noko med situasjonen, gi dei mestringeskjensle og eit ønskje om å eige sin eigen situasjon, blir difor viktig (Hammer & Hyggen, 2013, s. 213). Her kan ein trekkja fram arbeidsavtalen i Shulman sine fasar. Dette saman med det utfylte kartleggingskjema av ungdommen, kan saman sikra at ein får fram ungdommen sine ønskjer og korleis ein skal jobba for å nå dei sette måla. Ungdom som sjølv vil, har drivkraft og motivasjon til å koma seg vidare, og lukkast stort sett med dette (Hammer & Hyggen, 2013, s. 214). Som ein avslutning på eit vellukka samarbeid, skal ein gå igjennom dei ulike erfaringane ein har gjort seg opp med ungdommen. Vidare gi ungdommen tru på at han vil kunne meistre framtidige utfordringar. Sjølv kor håplaus ein situasjon kan sjå ut, er det alltid eit mogleg neste steg å ta.

8.0 Oppsummering

I denne oppgåva har eg drøfta ulike årsaker til fråfall ved den vidaregåande skulen. Eit døme på årsak som har blitt teke fram er svake faglege resultat gjennom grunnskulen. Dette kan gjera det utfordrande i å fullföra den vidaregåande skulen. Det kan også resultera i at ein ikkje kjem inn på den ønska studieretninga ein har som førsteprioritet. Ungdom kan også oppleva det å velja utdanningsretning som eit vanskeleg val. Difor blir også feilval noko som kan bli aktuelt, når ein ser på årsakar til fråfall. Den sosiale bakgrunnen er også noko som er av betyding for korleis ein vil fullföra den vidaregåande skulen. Det å ha yrkesaktive foreldre og føresette med utdanning, kan gi ungdommen nokre fordelar. Det blei også trekt fram nokre moglege ulemper med dette. Ei anna årsak kan også vera at ungdommen avsluttar ei utdanningsretning til fordel for å gå ut i arbeidslivet. Ein kan diskutera om dette er ei lur løysing, då ein ser langsiktig på ungdommen sine moglegheiter for å vera mobil i forhold til

utviklinga av arbeidsmarkanden. Ein kan sjå både ulempar og fordelar med ei slik løysing. Som nemnt har ungdommen moglegheit til å søkja seg tilbake til skulen, og kan etter eit opphald i arbeidslivet kjenna seg trygg og meir motivert for kva utdanning ein vil ta.

Vidare har eg og drøfta dei ulike tiltaka som ein rådar over som tilsett hjå NAV. Forskingsartikkelen til Simson (2012) har gjeve meg innsyn i kva tiltak som visar seg å fungera. Arbeidspraksis er det tiltaket som oftast blir tilboden ungdommen. I forskinga til Simson visar dette tiltaket til å ha minst effekt. Når tiltaket var i gang, vart sannsynet for å få seg arbeid redusert med 30%. Etter avslutta tiltak viste det heller ikkje til noko effekt. Grunnane til liten effekt kan vera manglende oppfølging, og at ungdommen kan kjenne seg utnytta av å vera ein del av arbeidspraksis. Ifølgje Simson oppnår ikkje arbeidspraksis sin hensikt. Eit anna tiltak som blir trekt fram er lønstilskot. Dette tiltaket kan ifølgje Simson auke sannsynet for å koma i ordinært arbeid med heile 65%. Kritikken til lønstilskot som blir teke fram, er at ein ikkje finn nokon effekt etter at tilskotperioden er over. Ein kan då undrast om ungdom som uansett ville fått ein sjanse av arbeidsgivaren, er dei som får tilbod om ei slik løysing. Opplærings- og kvalifiseringstiltak viser til ein overraskande positiv effekt under heile tiltaket. Sidan det tidlegare har blitt sett på som ein fordel at ungdommen får seg arbeidserfaring med ein gong etter avslutta skulegang, kan ungdommen under opplærings-kvalifiseringstiltak søke på reelle jobbar. Den moglege ulempa kan vera at ungdommen kan kjenne på å vera ein del av eit tiltak, og ha lyst til å vera i ordinært arbeid der ein får betre lønn. Ein må då oppmuntra ungdommen med at tiltaket skal gjera ungdommen betre rusta til ein høveleg jobb i framtida.

Ein kan med den interaksjonistiske modellen som sosialarbeidar på NAV, jobba på ein måte som tek vare på ungdommen, arbeidsplassen og til slutt NAV sine retningslinjer. Sosiale tenester i NAV seier at dei vil jobba for at tenesta skal gi hjelp til sjølvhjelp, eit utrykk sosialarbeidaren ikkje er ukjend med. NAV seier også at dei skal hjelpe unge til å kunne meistra sin eigen livssituasjon, noko Shulman sin interaksjonteori trekker fram som ein avslutning i arbeidsmodellen. Ein skal ifølgje Shulman gjera ungdommen klar for å meistra livet etter at ein har avslutta samarbeidet, men vere ærlege om at livet til tider kan by på utfordringar.

Årsaksbiletet kan vera samansett, og det treng ikkje å vera ein spesiell grunn for at ungdommen tek den endelege avgjerda om å avslutta skulegangen. Ein kan sjå på fråfall som

eit sluttresultat av ein lengre prosess, men avgjerda om å avbryta utdanninga treng ikkje å vera det tøffaste for ungdommen. Tida der ungdommen opplever skulen som uuthaldeleg og meiningslaus, kan vera det vanskelegaste, og når ungdommen tek avgjerda om å avbryta utdanninga kan det opplevast som lettande. NAV skal gi ungdom tett og individuell oppfølging med råd og rettleiing. Hensikta med tenesta er at ungdommen skal stimulera til hjelp til sjølvhjelp. Eit endeleg mål er anten å hjelpe dei ut i arbeidslivet, eller motivera dei til å forsette skulegangen. Tiltaka NAV råder over kan vera med å motverka konsekvensane av eit fråfall så lenge ein set inn rett tiltak. Dette på bakgrunn av det ein kjem fram til saman med ungdommen. At ein ungdom sjølv har drivkraft og motivasjon for å gjera noko med situasjonen, er avgjerdande for eit vellukka resultat. Eg har difor gjennom arbeidet med oppgåva sett at NAV er ein instans som kan hjelpe fråfallen ungdom på ein tilfredstilande måte.

Kjelder

Birkemo, A. (2007). *Utdannings- og yrkesvalg i ungdomsalderen*. Norsk Pedagogisk Tidsskrift, 91(03), 183-191.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Falch, T., Johannessen, A., Strøm, B., & Personer som slutter i videregående opplæring - hva skjervidere? (2009). *Kostnader av frafall i videregående opplæring* (Vol. Nr. 08/09, SØF-rapport (trykt utg.)). Trondheim: Senter for økonomisk forskning.

Hernes, G. (2010). *Gull av gråstein : Tiltak for å redusere frafall i videregående opplæring* (Vol. 2010:03, FAFO-rapport (online)). Oslo: Fafo.

Hutchinson, G., & Oltedal, S. (2012). *Modeller i sosialt arbeid* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Klyve, A. (2009). *Sinte unge menn : I kunnskapssamfunnet*. Nesttun: Folio.

Kristine von Simson. (2012). *Veier til jobb for ungdom uten fullført videregående opplæring: Kan vikarbyrør og arbeidsmarkedstiltak lette overgangen fra utdanning til arbeidsliv?* *Søkelys På Arbeidslivet*, 29(01-02), 76-97.

Langeng, P. I., & Stene, E. (2010). Sosialt arbeid i nye omgivelser. I P. Haavorsen (Red.), *Arbeidsinkludering: Om det nye politikk- og praksisfeltet velferds-Norge* (s.257-283). Oslo: Gyldendal akademisk.

Markussen, E., & Nifu Step. (2009). *Videregående opplæring for (nesten) alle* (Kunnskapspolitiske studier). Oslo: Cappelen akademisk.

Markussen, E., & Sandberg, N. (2005). *Hvorfor velger ungdom bort videregående?* Tidsskrift for Ungdomsforskning, [91]-96 : ill.

NAV-loven (2006). Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-06-16-20?q=arbeids%20og%20velferdsforvalt>

Reegård, K., & Rogstad, J. (2016). *De frafalne : Om frafall i videregående opplæring - hvem er de, hva vil de og hva kan gjøres?* Oslo: Gyldendal akademisk.

Reinertsen, A. (2014). *Kjære Ronja ; om poststrukturell og posthuman hypertext lesing av lovgivning om Oppfølgingstjenesten som ledd i Ny Giv i Norge.* Nordic Studies in Education, 265-278.

Shulam.L (2013). *Kunsten å hjelpe individer og familier.* Oslo: Gyldendal akademisk

Statistisk sentralbyrå. (2016). Gjennomstrømming i videregående opplæring, 2009-2014. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/vgogjen/aar/2015-06-04#content> 2016.05.06

Støren, Ingeborg. (2013). *Bare søk!.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.